



## Thailandløpet 2018 på ny bane



Konfirmantane sprang løp for å samle inn pengar

6



### 12 - Kyrkja gjer eit flott arbeid

Ingebjørg nærmar seg 80 og er ein av dei som har teke ansvaret for eldretreffa i Hjelme kyrkje.

3 Advent - ei ryddetid?


5 Er det noko nytt med dåpen?

9 Israel – ei ufatteleg god oppleving

10 Guds mirakler

16 Organisering og lokalisering av nytt fellestråd

## Når ikkje budsjettet i 2018



Soknerådet har budsjettert med kr 180 000 i gåver utanom det som vert gitt i kyrkjene til kyrkjelydsarbeidet. Prognosen viser at ein får inn rundt 90 000. Soknerådet er avhengig av inntekter til sitt arbeid. I starten av 2019 må soknerådet drøfte konsekvensane av lågare inntekter og kva ein eventuelt kan gjere for å auke inntektene.

Gåver til soknerådet sitt arbeid kan du gi til konto: 3628 55 90870  
Takk til alle som gir!

*Redaksjonen*

## Fortset med NaMu

NaMu står for naturlig menighetsutvikling. I korte trekk handlar dette om å vitalisere og fornye kyrkjelydane og finne ut av kva som hindrar vekst i kyrkjelyden. Veksten skal komme innanfrå i kyrkjelyden. NaMu er eit konsept og ein kan lese meir om dette på [www.namu.no](http://www.namu.no). I Øygarden har NaMu vore brukt i fleire år. No har soknerådet bestemt at ein fortsette arbeidet også dei neste 2 åra. Sjå også invitasjon til felleskapsdag på side 11 i dette bladet.

*Redaksjonen*

## Kyrkjeval i 2019

Det er kyrkjeval i 2019. Når det gjeld kyrkjeval så har kyrkja eit eige regelverk. Det er soknerådet som er valstyre og valstyret er ansvarleg for gjennomføring av valet. Soknerådet skal også oppnemne ein nominasjonskomite som skal finne kandidatar til soknerådet (valliste). Det arbeidet er no i gong. Bispedømerådet har no til handsaming sak om samanslåing av Hjelme sokn og Blomvåg sokn. Dette betyr at det vert 1 valliste i «gamle» Øygarden i regi av soknerådet til kommande kyrkjeval.

*Redaksjonen*

## Redaktøren har ordet

**Olav Martin Vik**  
Kyrkjeverje/redaktør



Det er advent og snart er det jul. Me fyller denne tida på ulike måtar. Det er likevel viktig å ha klart for seg kva advent og jul handlar om. Det kan ein oppleve og høyre om ved å besøke gudstenestene i denne tida og elles i året.

Neste år på denne tida er kommunane Fjell, Sund og Øygarden inne i siste månaden som eigne kommunar. Det gjeld også dei kyrkjelege fellesråda, som følgjer kommunegrensene. Me er no inne i ein avgjerande fase når det gjeld vedtak om framtidens organisering og lokalisering av kyrkja sitt arbeid. Eg minner enno ein gong om at soknegrensene ikkje vert endra. Du kan lese litt meir om dette i bladet (s. 16).

Det er kyrkjeval i 2019 og sokneråda har starta førebuingarbeidet. Det er sokneråda som er valstyre for kyrkjevalet. Det skal veljast medlemmer til sokneråd og bispedømeråd. Frivillig engasjement i kyrkjelydane er viktig. Det gjeld også arbeid i dei kyrkjelege råda. Utan ein aktiv lokal kyrkjelyd vert det vanskeleg å drive eit berekraftig kristent arbeid. Ved avslutning av 2018 vil eg gjerne løfte fram våre medarbeidarar som dette året, i tillegg til sine daglege gjeremål, har arbeida aktivt med å førebu ei samanslåing av fellesråda. Alvorleg sjukdom hos kollegaer har også prega oss. Be for arbeidet og våre medarbeidarar.

Takk for året 2018 og god jul.

Sjå, eg forkynner dykk ei stor glede, ei glede for alt folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

*Luk 2:10*



## Advent – ei ryddetid?

Me kallar gjerne advent for ei ventetid, men kan det også vera ei ryddetid? Mange gler seg til jul og ventar spent på at julaften skal kome. I lystenningssongen syng vi: «Vi ventar på det vesle barn i krubba lagt på strå.» Men for oss er det eigentleg ikkje slik. Jesus er allereie komen og me slepp å vente på at han skal kome til jorda som eit lite menneskebarn!

For Josef og Maria var det annleis. Dei venta nettopp på «det vesle barn». Og ikkje berre dei. Heile Israel med dei venta på at Messias skulle verte født. Gud sin plan var nemleg godt førebudd og hans profetar hadde opp gjennom historia stadig auka forventninga med sine bodskap om frelsaren som skulle koma. Så kom Jesus. Han vaks opp og vart ein vaksen mann. Den siste profeten som skulle stå fram før Jesus skulle gå i gang med si offentlege gjerning var døyparen Johannes. Han opererte i øydemarka og mange folk kom til han for å høyre kva han hadde å fortelje. Han ba folk gjera seg klare. Profeten Jesaja hadde forutsagt dette: «Ei røyst ropar: Rydd Herrens veg i ørkenen, jamn ut i øydemarka ein veg for vår Gud!» (Jes. 40,3). Og då Jesus kom til Johannes i øydemarka, peika Johannes på han. Fleire og fleire skjøna at Israel si årtusenlange adventstid no var over.

Sjølvsagt kan me også tenke på adventstida vår i dag som ei ventetid. Me ventar på å få feire at Gud vart menneske den første jula. Eller me ventar på og minner kvarandre på at Jesus ein dag skal kome att. Men kanskje kan adventstida også vere ei ryddetid? Johannes hadde eit oppdrag om å rydde veg for Herren. Er det noko eg kan rydde unna for å gje meir plass til Jesus i mitt liv denne adventstida? Kan noko som tar mykje tid ryddast vekk så Jesus får prege meg meir? Det kan vere ei spanande utfordring å ta med seg inn i desember.



Foto: Lukas Langrock / Unsplash



### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Postadresse:** Øynytt, postboks 144, 5331 Rong

**Utgjevar:** Øygarden sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Redaksjonen:** Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Anders Vik, Olav Martin Vik og Kari Sandøy Rong

**Grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Bodoni AS

**Distribusjon:** Hammer Transport (i Øygarden) og Posten (utanfor Øygarden)

**Kontingent:** Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

**Takkeannonser:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen

**Bankkontonummer:** 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Øygarden.

Det er også mange abonnentar utanfor kommunen.

Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

#### Kjem ut i 2019:

8. februar, 12. april,  
7. juni, 30. august,  
4. oktober og  
6. desember.  
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.

Miljømerket trykksak 2041 0699



### DEN NORSKE KYRKJA

**Telefon:** 56 38 22 40

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Øygarden kyrkjelege fellesråd**

**Besøksadresse:** Kyrkjekontoret Øygarden, Rong senter

**Postadresse:** Postboks 144, Rong

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** kyrkjaioygarden

**Instagram:** kyrkjaioygarden

**Stab:** Olav Martin Vik, kyrkjevevjerje/daglig leiar. Kari Sandøy Rong, kontorleiar. Anne Lise Grønn, kontor. Hogne Berland, kyrkjelyds pedagog. Bjørg Hindenes Blom, diakonimedarbeidar. Kåre Kristoffersen, Blomvåg kyrkje. Kari Synnøve Bekkenes Solheimsliid, Hjelme kyrkje. Diana Fjæreide Haugetun, kyrkjegardsarbeidar Hjelme.

#### Soknepresten i Øygarden:

Espen Sigve Tveten  
**E-post:** et838@kyrkja.no  
**Telefon:** 56 38 22 40

**Leiar i soknerådet og kyrkjeleg fellesråd:**  
Erling Vik  
**Telefon:** 482 10 462

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd:** 976 995 430

**Bankkonto for gåver:**  
3628.55.90870

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# Julehelsing 2018



**Børge Haugetun**

Ordførar

## Gode innbyggjar!

Det nærmar seg jul. Ta vare på kvarandre og nyt høgtida. Tradisjonsrik mat og gåver høyrer med, det viktigaste er likevel å markere jula saman. Kvardagen kan vere hektisk, prøv å la høgtida bli eit pusterom for dei nære verdiane.

Vegen mot nye Øygarden kommune pregar kvardagen både politisk og administrativt. Dette gjeld også kyrkja, der Olav Martin Vik alt er kyrkjevevjer for dei tre kommunane. Rune Lied er på plass som prosjektleiar og rådmann for den nye storkommunen. Det er mykje som må på plass før januar 2020. Med ein dyktig rådmann og administrasjon, kompetente tilsette og politisk engasjement, skal me lukkast med å etablere nye Øygarden kommune!

Det er grunn til å vere stolt av det gode førebyggjande arbeidet i soknet. Både gjennom kyrkja, bedehusa og trussamfunna. Framifrå døme på dette er Refuel, KRIK, Gospel teens, Lyskastaren, omsorgs og hjelpearbeid og tallause samlingar. Gjennom mangfaldet av aktivitetar er kyrkja sterkt nærverande i lokalsamfunnet. Det skal me vere takksame for. Eg ønskjer alle saman ei riktig god jul.

# Julehelsing 2018



**Erling Vik**

Leiar i Øygarden sokneråd

## Ikkje ein, ikkje to, ikkje tre, men alle, alle vil Jesus ha med.

Slik startar ein kjent barnesong og det er nettopp slik Jesus også vil at det skal vere. Me er alle elska av Gud. Hans største ynskje for liva våre er at me får møte sonen hans Jesus Kristus. Få del i hans fullkomne frelse som er gitt til oss alle.

Kyrkja i Øygarden ynskjer å formidle evangeliet til frelse, samt vere med å legge til rette for at kvar og ein skal kunne kjenne seg elska av Gud og menneske. Dette er noko eg vil utfordra oss alle til å delta i. Lat denne førjulstida prega oss slik at me alle kan få kjenne på dette å vere elska av Gud og menneske inn i den livssituasjonen den enkelte av oss måtte vera i. Enten det er i sorg, sagn eller glede. Nettopp du er unik i Guds auge og ufatteleg verdifull.

Guds signing og god julehøgtid til dykk alle.



CHURCH OF NORWAY

Here you can read some of the headings in this issue.

### Page 3

In the priest's devotional, he writes about how advent is a time of waiting, but also a time of tidying. We shall clear the way for our Lord's arrival. Is there anything we can tidy within us to make room for Jesus in our lives?

### Page 5

This article is about baptism. We used to be able to send out invitations based on birth messages. But due to the new privacy policy, the hospitals are no longer allowed to send out birth messages when babies are born. If you want your child baptised, you have to contact us in church office.

### Page 6 and 7

On this page you can read about the confirmands who participated in a missionary run. They collected 48 000 NOK to the missionary work in Thailand. We thank all of the dedicated confirmands.

### Page 12 and 13

In this article we meet Ingebjørg Sæle from Øygarden. She used to be a teacher, a Sunday school teacher and she actively participated in the work of the church. She still volunteers in the church and she tells us it is important to support the local church and priest.

*The editor*

## Val av leiar og nestleiar i soknerådet

Leiar og nestleiar i soknerådet skal veljast på nytt kvart år. Etter kyrkjevalet i 2015 vart Erling Vik vald til leiar og Tormod Magnesen til nestleiar. I møte 7.11. vart begge attvald som leiar det siste året. Hausten 2019 skal det veljast på nytt med utgangspunkt i nytt sokneråd.

*Redaksjonen*

# Er det noko nytt med dåpen?



Foto: Bo Mathisen

Nei, det er ikkje noko nytt med sjølve dåpen. Men har du fått barn, eller kjenner du nokre nyfødde, så les vidare.

Vi i kyrkja ønskjer å nå ut til nybakte foreldre om at dei må ta kontakt med kyrkja dersom dei vil at barnet skal døypast. I mange år har kyrkja fått fødselsmelding frå folkeregisteret når medlemmar i Den norske kyrkje har fått barn. Dermed har det vore enkelt for kyrkjelyden å kontakta foreldra og inviterer til dåp. På same måte har vi nådd ut med informasjon om kyrkja sitt tilbod om babysong og andre gode tiltak.

## Ta kontakt sjølv

1. oktober i år vart det ei endring i Folkeregisterloven. Etter dette får ikkje kyrkja lenger melding om nyfødde born og kan difor heller ikkje senda ut brev med invitasjon om dåp og informasjon om tilgjengelege dåpsdatoer. Det nye vert dermed at foreldra sjølv må ta den første kontakten. Ønskjer ein dåp må ein ta kontakt med kyrkjekontoret.

Etter at kontakten med kyrkja er oppretta, er alt som før. Då vert det dåpssamtale på kyrkjekontoret og deretter dåp i Hjelmelva eller Blomvåg kyrkje. Når barnet er døypt vert det medlem i Den norske kyrkja.

” Ønskjer ein dåp må ein ta kontakt med kyrkjekontoret

## «Tilhørige»

Kyrkja sender ut invitasjon til mange ulike arrangement. For døypte barn opp til 18 år har kyrkja eit ønske om gje borna opplæring, opplevingar og aktivitetar der trua skal få veksa og verta moden. Invitasjonar vert sendt til døypte barn, men har òg vorte sendt til «tilhørige». Born som ikkje er døypte, men som har begge eller ein forelder som er medlem i Den norske

kyrkja vert registrerte som «tilhørige». Viss foreldre til ikkje-døypte barn ønskjer at barnet skal motta invitasjonar og andre gaver i posten, må dei melde frå til kyrkja. Me vonar denne nye praksisen vil verta oppdaga av folket i kommunen. Og kyrkja er alltid tilgjengeleg for samtale. Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på. Det kan gjelda dåp, og det kan gjelde tru og tvil. Vi vil alltid vera der.

**Espen Sigve Tveten**

Sokneprest i Øygarden



Kontakt

**Kari Sandøy Rong**

Kontorleiar i Øygarden



# Thailandløpet 2018 på ny bane

At konfirmantane spring løp for å samle inn pengar har etter kvart vorte ein tradisjon. I år gjekk løpet av stabelen 15. november på den nye idrettsbana på Toftøy.

**Tekst:** Hogne Berland **Foto:** Mathilde Karin Dale



*Gjengen er klar til start!*

Kyrkja i Øygarden har avtale med Det norske Misjonsselskap (NMS) og andre som å støtte misjonsarbeid og hjelpearbeid i Thailand. Til saman har kyrkja forpliktet seg til å samle inn 60 000 kroner årleg til ulike prosjekt. Konfirmantane har kvart

år undervisning der dei får høyre meir om Thailand, forholda for kyrkja og dei kristne der og om prosjekta vi støttar. På hausten kjem løpet der dei saman med gode sponsorar skal samle inn pengar til prosjekta. Vener, familie og

kjente får moglegheit til å sponse løpet til konfirmanten med anten eit fastbeløp eller ein sum per runde dei klarar på den halvtimen løpet varer.

Tidlegare har løpet gått føre seg rundt fotballbana på Rong, men når Toftøy no har fått ny stadion med eiga løpebane, vart løpet flytta dit. Den 15. november var konfirmantane kalla ut og då klokka nærma seg 18 vart bana gradvis fylt opp av spente konfirmantar medan foreldre og andre i heilagjengen tok plass på sidelinja. Vêret spelar ikkje alltid på lag på denne tida av året, men det var i alle fall oppleitt då startskotet gjekk. Og motvinden vart jo til medvind på den eine langsida. Ein fargerik gjeng la ut med friskt mot. Nokon la an til eit voldsomt tempo, medan andre tok det meir med ro. Ein var meir kreativ enn resten og valgte å springe i badedrakt.



*Mattias Augestad og Ruben Snaprud i godt driv.*

Tre hundar (rett nok i band) vart observert og ville også vera med å samle inn pengar til Thailand.

Det var ikkje noko å sei på innsatsen og bana på Toftøy viste seg å eigna seg meget godt til formålet. Då tala vart summert opp seint på kvelden, stoppa kalkulatoren på 48 000 kroner som kan sendast uavkorta vidare til Thailand. Eit fantastisk resultat og eit fantastisk innsats frå årets konfirmantar! Tusen takk også til alle som har vore med å sponse!

Om du ikkje fekk spørsmål om å sponse, men likevel ønskjer å vera med, så fortvil ikkje. Då kan du sende pengar på kontonr 3628.57.36980 eller på VIPPS til 75628. Merk betalinga med «Thailandløpet».



Frå slummen i Bangkok der misjonen driv barnehagar som vi er med å støtte.

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**  
Kyrkjelydspedagog



Mange av forteljingane vi les i Bibelen er kjende og kjære for oss. Nokon har vi høyrte sidan vi var små, på leir, på søndagsskule og andre stader. Det kan vera noko trygt og godt å høyre forteljinga om då Jesus stiller stormen eller andre av dei gode historiene i Bibelen.

Av og til vert eg litt redd for at forteljingane berre vert nettopp det, forteljingar. Og at vi gløymer at det faktisk er ekte hendingar med ekte menneske vi les om. Tenk at nokon faktisk opplevde dette, såg det, skreiv det ned! Når vi er på leir prøver vi å vera flinke å bruke kart og vise når og kvar dei ulike hendingane i Bibelen skjedde. Det er viktig å formidle at dette er noko anna enn forteljingane vi høyrer andre stader som startar med «Det var ein gong...».

I haustferien var eg så heldig å få vera i Israel på tur med Kyrkja i Øygarden. Ein innhaldsrik tur i godt reisefølge av 35 andre. Vi fekk sjå mange av stadane vi kan lesa om i Bibelen og fekk lesa forteljingane der dei skjedde. Det synes eg var flotte opplevingar. Nokre av stadene var det bygd store kyrkjer og det var tettpakka med turistar. Andre stader, som då vi besøkte staden for brødunderet, gjekk det lettare an å tenkje seg tilbake og sjå for seg korleis det må ha vore.

Turen vart ei påminning for meg på at eg heldigvis aldri skal måtta seia «Det var ein gong at Jesus metta 5000 menneske.» Nei, eg kan frimodig fortelja at Jesus metta 5000 menn pluss kvinner og born i Galilea i Israel cirka år 30. Det skjedde i Tagba ved ei litt steinete strand ved Tiberiassjøen. Ganske stilig!

## Dette skjer

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

7.-9. desember:	Adventsleir 4. klasse
25.-27. januar:	Leir 7. klasse
15.-17. februar:	Leir 5. klasse
1.-3. mars:	Leir 6. klasse
5.-7. april:	Ungdomsleir 8.-10. klasset

**Det vert delt ut program på skulane.**

### REFUEL

14. desember	Julebord med KRIK
18. januar	
25. januar	
8. februar	
22. februar	
8. mars	
22. mars	
5. april	
19. april	
3. mai	
31. mai-2. juni	Refuel weekend

**Stad:** Rong senter

**Tid:** 19.30-22.30

### KRIK

7. desember	
14. desember	Julebord med Refuel
11. januar	
1. februar	
15. februar	
1. mars	
15. mars	
29. mars	
12. april	
26. april	
10. mai	
24. mai	

**Stad:** Hjeltefjorden arena

**Tid:** 19.30-21.30

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga

Kyrkjekontoret i Øygarden  
E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

#### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.  
Ta kontakt om du vil delta frivillig.



# Dåp

## Kyrkja inviterer til dåp! Men invitasjonen kjem ikkje lenger i postkassa.

I mange år har kyrkja fått fødselsmeldingar fra Folkeregisteret når medlemar i Den norske kyrkja har fått barn. Det er det no slutt på, på grunn av ny personvernlov.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste. Dei fleste barn blir døypte når dei er omlag tre månader.

For meir informasjon ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 56 38 22 40 eller på e-post [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege felle råd



Turfølgjet med Jerusalem i bakgrunnen.

# Israel – ei ufatteleg god oppleving

Opplevingane stod i kø for dei 36 som var med på Øygarden kyrkjelyd sin tur til Israel i oktober. – Ei ufatteleg god oppleving, slår Olaug Merethe Rong (44) fast.

**Tekst: John Solsvik Foto: Kyrkja i Øygarden**

Ho meldte seg på Israelturen for å vera ledsagar for faren, Magnus Vik (82), til Israel. I tillegg fekk ho med seg sonen, Anders (18), pluss over 30 andre vener og kjente frå Øygarden. I tillegg deltok eit ektepar frå Lindås og eit par frå Sarpsborg.

Første delen av turen gjekk via Caesarea ved havet og Nasaret til området ved Genesaretsjøen i Galilea. Me var innom kjente bibelske stader som Kana, Kapernaum og Tiberias, og staden der brødunderet skjedde og Jesus metta 5000 mann forutan kvinner og barn. Båtturen i morgondisen på Genesaretsjøen syntes mange vart ei flott oppleving.

– Å koma til eit land som du har sett for deg frå barndomen – lese om og laga deg bilete av – og få sjå det, lukta på det og kjenna litt på korleis det er å leva der, var ei ufatteleg god oppleving, seier Olaug.

I andre del av turen var området i og rundt Jerusalem sentralt. På vegen sørover stakk gruppa innom Samaria med stopp på fjellet der Abraham fekk landløftet, på fjellet Garisim ved Nablus, og i Silo der jødane hadde sitt tabernakel. I Jerusalem fekk me med oss mellom anna Oljeberget, Via Dolorosa, Gravkyrkja, Vestmuren, Gordons Golgata og Holocaustmuseet. I tillegg hadde me ein dag i Jeriko, Betania og Betlehem. Tre av kveldane hadde Espen prest korte forelesingar om Jesus i Galilea, Jesus i Samaria og Jesus i Jerusalem.

Olaug meiner turen gjorde noko med henne: – Eg fekk augo opp for korleis Gud har handla med og stått bak israelsfolket frå opphavet til idag. Og det stoppar ikkje frå opphavet til idag. Og det stoppar ikkje med Israel, me er faktisk også ein del av Gud plan. Det er stort å tenkja på, sier Olaug Merete.



F.v. Magnus Vik, Olaug Merethe Rong og Gerd Lillian Vik



Åm. I juni 2018 var det utdeling av vitnemål for de som avsluttet studiene ved det lutherske seminaret i 2017. (Foto: privat)

# Guds mirakler

– Jeg har opplevd at Gud gjør mirakler i livet mitt, sier Åm, og smiler. Hun var en vanlig praktiserende buddhist. Nå har hun møtt Jesus og fått med seg mor og bror på veien.

**Tekst: Kine Gahnstrøm-Kalviknes**

Det hele startet for 13 år siden. Aom Nipaporn Kunaruk, som bare kalles for Åm, bodde i en liten landsby utenfor Mukdahan, nordøst i Thailand. Evangelisten Sim besøkte landsbyen hennes fordi hun skulle undervise i engelsk, og Åm hadde lyst til å lære engelsk. Dette førte til at hun ble med i kirka hver søndag, og Åm følte seg vel der. Det var et godt sted å være. Etter hvert som hun lærte mer om kristendommen, begynte en gryende tro å vokse fram.

## Bønn

Foreldrene til Åm hadde skilt lag, og Åm bodde sammen med moren. Moren ville at Åm skulle slutte på skolen. Hun måtte heller ut i arbeid og tjene penger, syntes hun. Men Åm ville ikke slutte på skolen, hun ønsket seg en utdanning. Med forskjellig syn på dette syntes Åm at livet ble vanskelig, men hun hadde jo lært av Sim at man kunne be til Gud om alt. En dag da hun var alene i kirka ba hun til Gud om at han måtte hjelpe henne med dette. Etter en stund kjente hun liksom en hånd som berørte skulderen hennes, og siden hun var alene, var dette noe hun syntes var merkelig. Hun spurte Sim om hva det var hun hadde opplevd. Og Sim svarte at det var Gud som kalte på henne og hadde hørt henne. Deretter oppsøkte hun moren til Åm og sa at hun skulle ordne med at noen ville sponse datteren hennes gjennom studiene. Dette tillot moren, - hvis det virkelig var slik at Åm ville studere videre!

Åm opplevde dette som at Gud så henne og brydde seg om henne, og hun gikk til dåpsopplæring og ble siden døpt. Dette er elleve år siden.

## Guds vilje

Da Åm skulle avslutte videregående skole ville hun gå videre på universitetet og bli lærer. Sim lurte på om hun ikke heller ville studere teologi i Bangkok? Men Åm sa nei, selv etter en måneds betenkningstid. Men hun ba likevel denne bønningen: – Hvis du, Gud, vil jeg skal studere teologi, så må du gi meg et tydelig tegn! Litt etterpå drømte hun en natt at hun underviste for små barn og lærte dem om Jesus. Også denne gangen mente Sim at Gud kalte på Åm. Sim fikk denne gangen tak i nye sponsorer, slik at hun kunne fortsette på studier i Bangkok. I begynnelsen tenkte Åm at hun ville bli prest i en menighet, men fant ut etter

sitt tredje år på teologi at hun heller brant spesielt for barn og ungdom. Hun begynte å drømme om at hun kunne åpne egen barnehage når hun var ferdig utdannet. I 2017 jobbet hun et år som prest i en liten menighet i Nikom Kam Soi, som ligger litt utenfor Mukdahan. Men det var ikke dette hun skulle gjøre likevel, fant hun ut. I april 2018 fikk hun derimot en telefon fra kirkekontoret i Bangkok, om hun kunne tenke seg å jobbe på kirkens diakoniavdeling med fundraising. Dette syntes Åm hørt bra ut, og hun takket ja. Her har hun vært siden.

## Mirakler

Gud har gjort mange mirakler i livet til Åm, slik hun selv opplever det. Broren hennes kom ut for en ulykke og ble hardt skadd i hodet, blant annet. Legene sa at han hadde 50 - 50 prosent sjanse for å overleve, og at i tilfelle han skulle overleve var det ikke sikkert han kom til å huske noe. Åm ba til Gud om at broren skulle bli frisk, og lovet Gud at hvis han ble bra igjen skulle hun ta ham med seg til kirka. Etter en måneds tid ble broren salvet og bedt for av en misjonær. Etter det begynte han å bli litt bedre, og til slutt var han frisk nok til å bli skrevet ut av sykehuset. Gud minnet Åm på løftet hun hadde gitt ham, så hun inviterte broren med seg til kirka. For tre år siden tok han imot Jesus og ble deretter døpt. Det begynte med at Åm ble kristen. I dag er både broren og moren kristne.

–Gud svarer på bønner, og Gud utfører mirakler, sier Åm.

# Felleskapsdag for barn og vaksne

**Laurdag 26. januar  
kl. 10.00-14.00  
Vik bedehus**

26. januar arrangerer soknerådet «Felleskapsdag for barn og vaksne». Arrangementet blir i det nyåpna bedehuset på Vik klokka 10.00-14.00. Denne dagen har mykje interessant innhald.

Me startar med ei familiesamling. Deretter vert det eiga opplegg for borna med aktivitetar av ulikt slag. Dei vaksne får no presentert ei ny analyse av kyrkjelyden i regi av NAMU (Naturlig menighetsutvikling). Ommund Rolfsen og Marit H. Aadnanes er våre mentorar og dei vil stå for presentasjonen.

Til lunsj vert det servering av pizza. Etter lunsj vert det samtale om kven me er som kyrkjelyd og kva me vil. Korleis tek me misjonsbefalinga på alvor og korleis skapar med varme relasjonar? Dette er ei samtale me ynskjer at mange er med på.

Me har tru på at det vert ein fin og viktig samling for medlemmar av kyrkjelyden i alle aldre. Sett av datoen og kom! Møte er ope for alle – inga påmelding.

Soknerådet i Øygarden



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

# – KYRKJA GJER EIT FLOTT ARBEID

Ingebjørg Sæle kom til Øygarden som nybakt lærar 1960, berre 21 år gamal. I Øygarden møtte ho Bjarne frå Sæle og festa røtene sine til mann og fire barn. I 25 år var ho lærar ved: Bakken, Hatten og Alvheim skular. Og i tillegg gjekk ho inn i frivillig arbeid som er knytt til kyrkja og bedehus, og ikkje minst tok ansvar for barn og unge gjennom søndagsskulen. No nærmar ho seg 80 og er ein av dei som har teke ansvaret for eldretreffa i Hjelme kyrkje.

**Tekst: Ottar Vik Foto: Gerhard Vik**



*Øynytt i samtale med Ingebjørg.*

## Frå Hardanger til Øygarden

Ingebjørg er fødd og oppvaksen i Steinsdalen ved Norheimsund, ikkje langt frå Framnes folkehøgskule som har vore ein base for kristen tanke og utvikling for store deler av Vestlandet. Ei god venninne fekk henne til å søkja lærarstilling i Øygarden då ho var ferdig med lærarskulen. Her møtte ho Bjarne og den store kjærleiken.

Hardanger-dialekten røper kvar Ingebjørg kjem frå sjøl om den er blitt slipt og blanda litt med strileuttrykk etter mange år saman med havstrilar, lyngheier og nakne nabbar i Øygarden. Ho merka at folkelynnet var meir direkte og ope her ute på kysten enn lenger inne mellom høge fjell i Hardanger. Likevel er det ingen stor motsetnar mellom det ho opplevde heime og det som møtte henne i Øygarden. Det var Misjonssambandet og Normisjon (Santalmisjonen) som la grunnlaget for hennar misjonstenkning, og på dette grunnlaget vart ho ført vidare i det kyrkjelege misjonslandskapet.

Det var på Sæle i Hjelme Ingebjørg bygde heimen sin saman med Bjarne som var fiskar og hadde sjøen og havet under føtene store deler av året.

– Men han var ein god far som gav oss konsentrert oppmerksomheit då han var heime. Bjarne var aktiv i kristent arbeid og var i mange år formann i indremisjonen i Øygarden. Me har prøvd å vera tydeleg på kor viktig det er med kristen påvirkning i heimen heilt frå tidleg i barneåra. Det har bl.a. slått ut hjå barna våre. Ein av dei: Arne-Johan med familie har vore ute som misjonær i Asabdajan i fleire år. Han kom aktiv med gjennom skulelaget og fekk tidleg ansvar i eit kristent miljø.

## Søndagsskulen

Det var søndagsskulen som vart den største arbeidsmarka til Ingebjørg utanfor heimen i mange år.

– Nabokona kom og spurde om eg ville hjelpa til . Og slik vart det. Annan-kvar søndag, då det ikkje var gudsteneste i kyrkja, samlast me i bedehuset på Sæle. På 1970 og -80 åra kom det masse barn til søndagsskulen. Den gongen såg foreldra kor nødvendig det var med søndagsskule som ein viktig del av den kristne tradisjonen og hjelp til opplæring i kristen tru. I dag har me fått eit svekka kristen dåpssyn som gjer det ekstra nødvendig med satsing på dåpsopplæring.

” Så lenge me har prestar som står på Bibelens grunn bør me stå i kyrkja og støtta prestane i deira viktige arbeid.

## Vil stå i kyrkja

– Så lenge me har prestar som står på Bibelens grunn bør me stå i kyrkja og støtta prestane i deira viktige arbeid, seier Ingebjørg. – Kven skal støtta presten dersom me melder oss ut? Det er heilt flott det arbeidet presten gjer, og det ville vera heilt gale for meg å forlata denne kyrkja. Eg ser ikkje poenget, seier Ingebjørg retorisk. – For mange er terskelen til kyrkja lågare enn til bedehuset, og eg er faktisk litt optimistisk når eg ser alt leirarbeidet som vert drive, og dei mange fine ungdomane som er aktive i kyrkjeleg arbeid, seier Ingebjørg.

Ho fortel også om kristenfolket i nordre Øygarden som prøver å samlast på Nautnes bedehus til bibeltiimar og felles arrangement, for slik å finna ein enklare møteplass for dei som er avhengig av transport.


## Jula

Når Ingebjørg ser tilbake på jula i barndommen, finn ho stor likskap med juletradisjonane som ho har møtt i Øygarden – enkel og tradisjonell. – Det var julebakst i heimane med mange forskjellige sortar. Juletre med pynt og lys, utveksling av presangar til alle i familien, og gjerne ei god bok. Og så var det julefest i bedehuset for bygdefolket der mi oppgåve ofte har vore å lesa ei juleforteljing. Festmaten var brødskiver skoren på skrå med egg og ansios og tebrød til kaffen. – Men denne tida er ikkje meir, seier Ingebjørg. – Og eg skal heller ikkje leva evig. Men eg er glad for det eg har fått vore med på i livet og fordi eg har hatt ei god helse.

# Gravlegging i 2 nivå – Blomvåg gravplass

Det er vanleg at doble graver ligg ved sida av kvarandre. Gravferdslova legg til rette for at ein kan gravlegge i to høgder der dette er mogeleg. På den vestre delen på Blomvåg nye gravplass vert det lagt til rette for gravlegging i 2 nivå.

**Tekst og foto: Olav Martin Vik**



*Illustrasjon av gravlegging i dobbel djupne. Ved gravferder vil ein ikkje merke noko særleg i høve til djupne. Ein vil sjølvsagt heller ikkje sjå tidlegare kiste som er sett ned i grava.*

Den austre delen av Blomvåg nye gravplass er snart full. Dei siste åra har det vore mange gravferder og i all hovudsak vert det brukt kistegraver. Ein må om kort tid ta i bruk den vestre delen av gravplassen. Kyrkjeverja ønskjer å heve denne delen slik at det vert mogeleg å gravlegge i 2 nivå. Det har vore vanleg at ein har reservert ei grav ved sida av. No slepp ein det.

## **To nivå også ved bruk av eksisterande grav**

Det er fleire tilfelle der ein ønskjer å bruke ei gamal grav. Det som då skjer er at kistene i praksis står i to nivå. Det er altså ikkje ukjent og ikkje uvanleg den løysinga ein no vel for den vestre delen på Blomvåg nye gravplass.

## **Gravplassen må hevast litt**

Det må fyllast på noko meir masse slik at ein får heva gravplassen til rett høgde. 60 cm. vert lagt på. Det er krav til djupne og overdekking for ei grav. Planleggingsarbeidet er i gong og dersom det vert semje om ei praktisk løysing og finansiering av tiltaket er på plass kan arbeidet ta til om ikkje altfor lang tid. Det er Øygarden kommune og Øygarden kyrkjelege fellesråd som samarbeidar om dette prosjektet.

## **Festar rår over grava**

Dersom ein ønskjer å reservere ei grav ved eit dødsfall (doppel grav) så vil det bli slik at neste gravlegging vert i same grav og ikkje ved sida av kvarandre. Det er viktig å presisere at gravlegging i 2 nivå berre skjer etter godkjenning frå den som står som festar av grava. Det er altså ingen ukjente som vert gravlagt i same grav.

Meir informasjon om gravferd og lovverk finn ein på [www.kyrkja.no/oeygarden](http://www.kyrkja.no/oeygarden)

# Julefest

Øygarden sokneråd inviterer  
til julefest for alle laurdag  
5. januar kl. 16.00  
i Hjelme kyrkje

Me går rundt juletre,  
beverning, Øygardskoret  
og godteposer til barna



## Barnekryssord



### VANNRETT

1. Høytid
4. Bøye knærne
6. Katt
7. Smart
9. Ytret

### LODDRETT

1. Julas hovedperson.
2. Norsk villdyr
3. Skratte
4. Kåre Pedersen
5. ingenting
8. Thor Heyerdahls båt.

Løysning finn du på side 16

## Julegudstenester

**Julaftan 24. desember:**  
**Tednebygg omsorgsenter kl. 11.00**  
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.

**Julaftan 24. desember:**  
**Blomvåg kyrkje kl. 14.30**  
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.

**Julaftan 24. desember:**  
**Blomvåg kyrkje kl. 16.00**  
Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.

**Julaftan 24. desember:**  
**Hjelme kyrkje kl. 16.00**  
Julaftangudsteneste v/ Erling Kopperud.

**Juledag 25. desember –**  
**Hjelme kyrkje kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten.

**2. juledag 26. desember –**  
**Blomvåg kyrkje kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten.

**Nyårsdag 1. januar**  
**Blomvåg kyrkje kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste v/ Helge Unneland.

# Organisering og lokalisering av nytt fellesråd frå 1.12.2019

Om 1 år er det nye fellesrådsområdet eit faktum. Namnet vert Øygarden kyrkjelege fellesråd. Prosjektleiari har no lagt fram si tilråding til kyrkjeleg fellesnemnd som har sendt tilrådinga på høyring hos sokneråda i Fjell, Foldnes, Landro, Sund og Øygarden.

**Tekst: Olav Martin Vik**

## Medverknad om framtida

Utover i 2018 har tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellesråd arbeidd med å finne gode ordningar for organisering og lokalisering for det nye fellesrådet si verksemd. Dei tilsette har jobba med framtida i arbeidsgrupper. Også prestane har vore involvert i dette arbeidet. Det er viktig med god involvering.

## Prosjektleiari si tilråding til fellesnemnda

I store trekk er prosjektleiari si tilråding bygt på arbeidsgruppene si tilråding. Prosjektleiari si tilråding er på 83 sider og ein kan lesa alt på denne nettsida: [www.kyrkja.no/nyeoegarden](http://www.kyrkja.no/nyeoegarden)

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok i møte 24.10. å sende tilrådinga på uttale hos sokneråda. Fristen for å gi uttale er 22.11. og ein tek sikte på å gjere eit endeleg vedtak i fellesnemnda 4.12.2018.

Tilrådinga inneheld mange detaljar som omhandlar tilhøvet for dei tilsette, reglar og vedtekter og ei rekke formalia som ein må gjere vedtak om.

## Hovudtrekka om organisering

Det er viktig å ta godt vare på alt det gode arbeidet som skjer ute i sokna. Det er og viktig å presisere at sokna består. Det er fellesrådsområda som vert slått saman som følgje av kommunesamanslåinga.

Arbeidet vert organisert i seksjonar og team. Det er tilrådd å etablere 5 seksjonar: kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, diakoni, born og unge og administrasjon. Seksjonane skal ha ein seksjonsleiari (for kvar seksjon). Leiaren skal m.a. ha eit fagleg ansvar og ansvar for at arbeidet skjer er i samsvar med planar og budsjett for arbeidet.

Det er tilrådd ei ordning med team som kan arbeide på tvers av seksjonane sine fagområde. Teama er retta mot oppgåvene og tenesta som skal gjerast. I ei gudsteneste t.d. så har dei tilsette ulike rollar, men utgjer eit team. Slik er det også i barne- og ungdomsarbeidet (også konfirmantarbeidet). Ordninga med team kan vere krevjande organisatorisk og det må arbeidast vidare med dette utover i 2019, når ein eventuelt har fått godkjent ordninga med seksjonar.

## Diakoni

Slik det er i dag er det for få medarbeidarar som arbeider direkte med diakoni. Dette skuldast ikkje minst økonomiske rammer. Behovet er stort, men å få tilsette fleire innanfor dagens rammer er vanskeleg. Dette er eit tema som må følgjast opp framover.

## Frivillige

Det er mange frivillige i kyrkjelydane i Fjell, Sund og Øygarden. Dei frivillige utgjer ein svært viktig ressurs. Tilrådinga peikar på at det er heilt naudsynt med frivillige i framtida og at ein må auke talet på frivillige og engasjerte menneske i kyrkjelyden sitt arbeid.

## Hovudtrekka om lokalisering

Prosjektleiari rår til at kyrkjekontora i Øygarden og Sund vert avvikla slik me kjenner dei i dag. Med omsyn til besøkstalet er det ikkje grunnlag for å oppretthalde kontora. Det meste av kommunikasjon skjer på telefon og e-post. Administrative funksjonar er tilrådd lagt til Straume. Det er tilrådd at det vert ein base i Sund og ein base i Øygarden. Her vil det vere kontor for prest, kyrkjelydspedagog, kontor og kyrkjetenarar. I Sund vert denne basen lagt til Sund kyrkje, der ein har kontor i dag. Når det gjeld Øygarden så må det avklarast lokale med den nye kommunen.

Kyrkjekontoret på Straume vert base for arbeidet i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Her vil også kyrkjeverje og administrative funksjonar ha tilhald.

# Mange julepakkar til Ukraina

Også dette året gjekk det fleire bilar med klede og utstyr frå Øygarden til trengande i Ukraina. Kvar bil tek nærar 100 m<sup>3</sup>. 714 julegåver vart sendt i november.

**Tekst:** Olav Martin Vik **Foto:** Ottar Vik



*Glede over pakkar utdelt i Ukraina.*



*Frå venstre: Unni Instefjord, Belinda Tomic og Ragnhild Marie Songstad.*

ØyNytt møter Unni Instefjord, som er hovudansvarleg, til ein liten prat om arbeidet. Ho vil gjerne først og fremst takke alle givarane og takkar Gud for tenesta ho og medarbeidarane står i. Unni fortel at det er mange som strikkar og leverer flotte ting som med varmt hjarte er tenkt til fattige menneske i Ukraina. ØyNytt har tidlegare skrive om dette arbeidet og det er mange som treng hjelp.

Det vert strikka flotte gensarar, sett, luer og leistar. Mange syr. Ein del kjøper også klede og utstyr og leverer det inn for sending til Ukraina.

Unni samarbeider med organisasjonen Giving Hands og det er dei som står for transport og utdeling av pakkane i Ukraina. Det er variert innhald i pakkane og dei er tilpassa alder.

Unni har besøkt Ukraina og sett kva arbeidet ho og hennar hjelparar betyr for dei som får hjelp.

**Mottak av klede og utstyr skjer på Tjeldstø bedehus, første tirsdagen i kvar månad mellom kl. 11 og 14 og kl. 16 og 19.**

## Fekk 30 000 til mobilt lydanlegg i kyrkjene

Øygarden sokneråd har kjøpt inn eit mobilt lydanlegg til kyrkjene i Øygarden. Det gjer det lettare for dei som skal opptre til sjølv å handtere lyden på ein god måte og å få eit betre songanlegg som kan brukast fleire stader. Anlegget kosta kr 117 000 eks. mva.

Det vart søkt Sparebanken Vest om stønad og på fellesskapskvelden kunne Erling Vik som i denne samanhengen representerte Sparebanken Vest overrekke ei pengegåve på kr 30 000.

Det er berre å takke så mykje for denne gåva frå Sparebanken Vest.



Redaksjonen

## 75 på morgonmesse i Blomvåg kyrkje

Grytidleg kom folk til kyrkja i hopetal, tysdag 27.11. Dette var den første av to morgonmesser i adventstida. Gospel teens deltok med fin song. Det var husband, sokneprest Espen Tveten hadde morgonandakt og det var nattverd. Morgonmessene startar kl. 6.30 og sluttar presis kl. 7.15.

Det er også morgonmesser før påske.



Redaksjonen



### MORGONMESSE TYS DAG 11. DESEMBER

Blomvåg kyrkje  
kl. 06.30

ved Espen Tveten

### JULESANGGUDSTENESTE SØNDAG 16. DESEMBER

Blomvåg kyrkje  
kl. 11.00

ved Espen Tveten  
Øygardskoret og korps deltek

 DEN NORSKE KYRKJA

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kwart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

 KIRKENS  
SOS

Å snakke med folk om livet gir mening.



# Mange på fellesskapskveld

Onsdag 14.11. arrangerte soknerådet fellesskapskveld i Hjelme kyrkje. Det var godt fram møte. Denne gongen var det Israel som var i fokus etter kyrkjelydsturen til Israel i oktober. Du kan lese meir om denne turen på side 9 i dette bladet. Godt fellesskap og god mat. Det vart servert tapas sponsa av Sparebanken Vest.

Redaksjonen



## vipps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiaroppald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiaroppald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

# SparebankenVest

– satsar på Vestlandet



- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**Ferskvarespesialisten**

**Velsmakende varmmat**

**Fristende frukt og grønt**

**Nydelige nystekte bakervarer**

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

posten TOTO trumf Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

## Fag Revisjon as

### Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på [www.fagrevisjon.no](http://www.fagrevisjon.no)

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, [firmapost@fagrevisjon.no](mailto:firmapost@fagrevisjon.no)



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

### Rong Catering a/s

Tlf. 9185 6258

## Øygarden fotklinikk

Fotpleiebehandling, fotspa, go-foten, snart mamma-fot, m.m. Vi kan også behandle føttene hjemme hos deg. Gavekort.



hilsen Marianne

Marianne Olsen behandler

Telefon: 93 66 79 66  
E-post: [marlannesoase@hotmail.no](mailto:marlannesoase@hotmail.no)

Jensvardvegen 1, Tjeldstø (inngang ved Sion, over Spar)

Marianne.fotogspa

oygardenfotklinikk.com



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

## GRAVMINNER

Løvaas Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

Vi formidler blomster til innland og utland



INTERFLORA

**Blomsterbua**

Rong senter  
Telefon : 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted



## Bergen & Omegn

### BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20  
Mand – fred kl.07.00 – 23:00  
Lørdagar 08:00 – 21:00



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålsneset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

# Montér

## Øygarden Byggsenter AS

Pålsneset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00,  
lørd 09.00-14.00



## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

# Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

Ønsker du sol hjem?  
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

## Øygarden

elektriske as

Tlf: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790

E-mail:  
[post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyng av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik  
murmester

Dalekletten 44  
5337 Rong

Telefon: 91 16 83 75 E-post: [vidart1962@gmail.com](mailto:vidart1962@gmail.com)



## ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.  
Hjemmebesøk om ønskelig.  
E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)  
Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)  
Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

-din el-kontakt

## VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)

[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



## Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)



## Til lukke

### 70 år

9. des Kristine Karen Stølsnes, Sælevegen 44
10. des Bjarne Alvheim, Alvheimsvegen 250
21. des Odd Faannessen, Bårdalslivegen 15
23. des Jens Tore Jebsen, Pålsneset 18
21. jan Alf Ove Andersen, Råkebakkane 13
21. jan Magnar Fjeldstad, Grønhaugvegen 28
27. jan Per Steinar Dale, Dalevegen 30
30. jan Ove Rong, Arsetlia 23
8. feb Anlaug Kristine Rossnes, Jensvardvegen 8A

### 75 år

10. des Klara Marie Larsen, Vestrevegen 80
21. des Magne Jostein Ødegård, Rossnesvegen 44
8. jan Klara Amanda Oen, Austlandet 16
3. feb Sigrd Marie Storedale, Håkletten 5D
7. feb Åse Jensen, Storevarden 13

### 80 år

20. des Kirsten Rong, Austemarka 4
28. des Ingebjørg Sæle, Sælevegen 3
2. jan Harald Andreas Monsen Torsvik, Bruberget 4
2. feb Henning Ebbesen, Løtevegen 99

### 85 år

19. des Borghild Leonora Mikkelsen, Knarrvikvegen 2
8. jan Jenny Hellesund, Tjødnarvegen 53
3. feb Birger Alf Torsvik, Bruberget 4

### 90 år

14. des Roald Johan Renså, Sæløyvegen 116
28. des Georg Lars Lynghaug, Veslevarden 30
9. jan Sigrd Torsvik, Knappebrekka 12

### 95 år

29. des Martha Magdalena Sæle, Tjødnarvegen 53
5. jan Johanna Torsvik, Nygardsvegen 26
13. jan Klara Marie Abbedissen, Tjødnarvegen 53
21. jan Agathe Nautnes, Strandavegen 1

## Eldretreff

Obs! Frå og med januar 2019 er det nytt klokkslett for både Hjelme kyrkje og på Tednebakkane:  
Kl. 17:00 – 19:00

### Hjelme kyrkje, onsdagar:

16. januar

20. februar

20. mars

24. april:

Fellessamling på Tednebakkane

15. mai

### Tednebakkane omsorgsenter, torsdagar:

17. januar

14. februar

14. mars

24. april – Fellessamling

23. mai



DEN NORSKE KYRKJA

## Gudstenester / Service

 Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

### 9. desember – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Helge Unneland.  
Song av Øygardskoret.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.

### 16. desember – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Julesanggudsteneste v/ Espen Tveten.  
Øygardskoret og korps deltek.  
Offer til korps som deltek.

### Julaftan 24. desember:

#### Tednebakkane omsorgsenter kl. 11.00

Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.  
Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

#### Blomvåg kyrkje kl. 14.30

Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.  
Song av Katrine Skjold.  
Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

#### Blomvåg kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste v/ Espen Tveten.  
Song av Gospel teens.  
Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

#### Hjelme kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste v/ Erling Kopperud.  
Belinda Tomic på kornett.  
Offer til misjonsprosjektet i Thailand.

#### Juledag 25. desember – Hjelme kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten.  
Offer til Kirkens SOS. Nattverd.

### 2. juledag 26. desember – Blomvåg kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste v/ Espen Tveten.  
Offer til Kirkens nødhjelp. Nattverd.

### Nyårsdag 1. januar – Blomvåg kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste v/  
Helge Unneland.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.

### 6. januar – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
Dåp. Nattverd.

### 13. januar – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Nattverd.

### 20. januar – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Helge Unneland.  
Nattverd.

### 27. januar – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Nattverd.

### 3. februar – Blomvåg kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/  
Espen Tveten. Utdeling til 4-åringar.

### 10. feb – Hjelme kyrkje kl. 11.00

Sprell levande gudsteneste v/  
Espen Tveten. Utdeling til 4-åringar.

## Døde

### Blomvåg

- Magnus Martinus Herdlevær, Rong f. 1938
- Reidun Knarvik, Knarvik f. 1932
- Else Miranda Mørner, Tednebakkane f. 1934
- Otto Magnar Heggøy, Straume f. 1948
- Per Landro, Vik f. 1932
- Otto Rossnes, Oen f. 1935

### Hjelme

- Anders Ingvald Husebø, Alvheim f. 1939
- Marie Solheim Dävøy, Tjeldstø f. 1935
- Svein Arne Sæle, N.Sæle f. 1958
- Sjur Osmund Meling, Hellesund f. 1948
- Chriss Martin Knappen, Hellesøy f. 1976
- Bård Angel Hellesund, Fyllingsdalen f. 1958
- Dagny Alise Harkestad, Tednebakkane f. 1927
- Leon Johan Sæle, N.Sæle f. 1956

## Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2019

**Torsdag 24. januar kl 19.00**  
Stig Magne Heitmann

**Torsdag 21. februar kl 19.00**  
Johannes Lyngseth

**Torsdag 28. mars kl 19.00**  
Asle Hetlebakke

**Torsdag 25. april kl 19.00**  
Vegard Hetlebakke

**Torsdag 23. mai kl 19.00**  
Arnfinn Norheim

Etter bibeltimane vert det  
kveldsmat og samtale.

For Hellesøy/Nautnes/  
Tjeldstø bedehus

## Takk

Dagavdelingen på Tednebakkane omsorgsenter vil gjerne takke Randi P. Fjeldstad for pengegåva på kr 9800,00 som me fekk anledninga hennes 90 års dag.

*Med venleg helsing  
Dagavdelinga*

## Vigde

### Blomvåg

- Hege Steen og Rune Dale
- Cecilie Mathisen og Fredrik Garmann Sørli

## Døypte

### Blomvåg

- Millian August Bergstrøm Gjelsvik, Rong
- Nelli Olea Risløw, Kolltveit
- Ingrid Marie Draugsvoll Haugetun, Rong
- Noah Sebastian Sørli, Torsvik
- Sebastian Havstein, Tjeldstø
- Mathilde Vardøy Torsvik, Oen
- Mons Andre Grøneng Knarvik, Toftosen
- Olander Jentoft, Rong

### Hjelme

- Johannes Gjestrum Hellesund, Tjeldstø
- Kornelius Ingvaldsen, Alvheim

Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:  
[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i Øygarden:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor Øygarden:** Posten Norge

**Returadresse:**  
ØyNytt  
Postboks 144  
5331 Rong



Foto: Kari Sandøy Rong

## Babyane besøkte Tednebakkane

Her syng Babysongen på Tednebakkane omsorgssenter. Det er babysong i regi av kyrkja annakvar måndag i Blomvåg kyrkje mellom 11 og 12.30. Ønskjer du å delta og lurar på innhaldet i opplegget, kan du kontakte kyrkje-kontoret på telefon 56382240 eller e-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

Redaksjonen

## Vik bedehus er ferdig oppussa

Vik bedehus har vore under oppussing sidan i sommar. No er ein ferdig med arbeidet og huset kan takast i bruk. Det er ikkje gjort noko utvendig bortsett frå nye vindauge og nytt inngangsparti. Innvendig er det meste renovert. Arbeidet og innflyttinga vert markert 8. og 9. desember.

Redaksjonen



Omvising i bedehuset. Arbeidet er på det næraste ferdig.



## Guttane samla inn kr 36 000

Den årlege guttebasaraen på Vik samla også i år mange menneske. Vik bedehus er under oppussing og basaren var difor lagt til Toftøy skule. Det kom inn kr 36 000 til Normisjon sitt arbeid mellom barn og unge. Barnekoret Lyskastaren song på basaren.

Redaksjonen